



Arkivnr: 2014/598-8
Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.10.2014

Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren – budsjettfordeling nr. 6 - 2014

Samandrag

I budsjettet for 2014 er det løyvd 120 millionar kroner til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren. Det er tidlegare i år fordelt totalt 101,2 millionar kroner frå denne budsjettposten. I denne saka rår ein til at det vert løyvd totalt 2,1 million kroner til Karrieresenter på Stord og til forprosjekt knytt til Odda vgs. Rest ufordelt i 2014 vert etter dette 16,7 million kroner.

Forslag til vedtak

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 628 020 00	02320	02131	Odda vgs. – rehab/omb.- forprosjekt	1 100 000	
10 665 020 00	02320	02135	Stord vgs – Karrieresenter	1 000 000	
10 77702100	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		2 100 000
				2 100 000	2 100 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 02.10.2014

Odda vgs. – Rehabilitering og mindre ombygging av Odda vidaregåande skule yrkesfagbygget, forprosjekt

Fylkesutvalet løyvde i sak 33/2014, 0,7 million kroner til utarbeiding av forprosjekt for å utgreie anbefalt løysing og økonomiske konsekvensar ved rehabilitering av yrkesfagbygget ved Odda vgs.

I arbeidet med forprosjektet har ein hatt tett dialog med brukarane (skolen). Det har vist seg at det har blitt større utfordringar og meir arbeid med å komme fram til gode forslag til løysingar. I kartlegginga av skulen har ein mellom anna fått større utfordringar med å finne gode tekniske løysingar for oppføring og framføring av ventilasjon, varme og straum. Ein har og hatt uføresette utfordringar mhp. bærande konstruksjonar og asbestsanering.

I denne saka rår ein til at det blir løyvd 1,1 million kroner for å fullføre forprosjektet.

Stord vgs. – Karrieresenter – Utbetring

Fylkesutvalet gjorde i juni 2014 i sak 157/2014 vedtak om å opprette eit pilotprosjekt med karrieresenter for Sunnhordland på Stord vgs.. Senteret skal opprettast i tilknytning til vaksenopplæringa ved skulen sin avdeling på Saghaugen. For å få til egna lokale er det behov for ombygging / tilpassing av lokala, samt utbetringar knytt til universell utforming. Kostnadar knytt til utbetring av universell utforming vil i hovudsak bli tatt over løyvingar til det formålet.

Karrieresenteret har planlagt oppstart 1.1.2015. Dette er kort frist og ei ombygginga vil ikkje være ferdig til denne datoen. Ved oppstart vil Karrieresenteret difor ha tilhald i mellombels lokale. For å få lokala klar så fort som mogleg rår ein til at det no vert løyvd 1 million kroner til ombygging av sjølve lokala og nokre mindre utbetringar i tilgrensande areal.